

Seniorsurfen eit flott tiltak

25.12.2011

Kulturkontoret i kommunen har sagt ja til søknaden frå Uskedalen Utvikling om eit tilskot på 10 000 kroner til den planlagte seniorsurfen i Gamleskulen. Det er halvparten av dei berekna kostnadane.

Saksbehandlar Anikken Kjeka slår fast at dette er eit flott tiltak der det blir sørge for at dei eldre får gjera seg kjende med databruk og at dei får møta andre i ein sosial samanheng.

Etter kva uskedalen.no høyrer står det enno att å få avtale med ein datakunnig person som kan stå for opplæringa. Er det nokon som meldar seg?